



Majo Egedom AS  
Lindåsvegen 154  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar: Magnus Helgesen  
Vår: 20/10117 - 20/37928

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
23.06.2020

## Igangsetjingsløyve for grunnarbeidet - gbnr 146/47 Fosse ytre

**Administrativt vedtak:** Saknr: 641/20  
**Tiltakshavar:** Majo Egedom AS  
**Ansvarleg sækjar:** Majo Egedom AS  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

### VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-, jf. § 21-2, 5.ledd, vert det gjeve løyve til igangsetjing av grunnarbeidet på gbnr 146/47 på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 07.07.2020 med vilkår gjeld for tiltaket.
2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.
3. Tiltaket skal knytast til privat avløpsanlegg i samsvar med utsleppsløyve gitt i vedtak datert 02.06.2020 i sak 20/10400. Reinseanlegget skal plasserast slik det går fram av situasjonsplan datert 26.05.2020.
4. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg via privat veg. Veg og avkøyrsløve skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta datert 03.06.2020.
5. Avkøyrsløve til private vegar skal tilfredsstilla dei same tekniske krav til utforming og fri sikt som er sett for avkøyrsløve til offentlege vegar.

Før det vert gjeve ytterlegare igangsetjingsløyve for tiltaket må det liggja føre nødvendige teikningar over støttemur, jf. vilkår i rammeløyvet datert 07.07.2020.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande liggja føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetjing av heile tiltaket. Det ligg ved søknaden ny situasjonsplan og oppdaterte teikningar over tiltaket.

Ansvarleg søkjar har i skriv datert 22.06.2020 gitt melding om at dei trekker oppdatert kart og teikningar og ber om at søknaden vert behandla i forhold til gitt rammeløyve datert 07.07.2017.

Det vert elles vist til søknad mottatt 25.05.2020 med supplerande dokumentasjon mottatt 10.06.2020 og 22.06.2020.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 22.06.2020 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

### **VURDERING**

#### **Avløp**

Det er gitt utsleppsløyve i vedtak datert 02.06.2020. Avløpet frå eigedomen skal reinsast i minireinseanlegg før det vert ført i tett leidning til sjø via bekk med heilårs vassføring. Plassering av anlegget er vist i kart datert 26.05.2020.

#### **Avkøyrsløve**

Vestland fylkeskommune har gitt løyve til utvida bruk av avkøyrsløve til fv. 5476 i vedtak datert 03.06.2020.

#### **Kulturminner**

Riksadvokaten har i skriv datert 06.05.2020 meldt frå om at arkeologiske utgravingar er avslutta og at omsøkt tiltak kan setjast i gang.

#### **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1. Ansvarsområde og føretak går elles fram av gjennomføringsplan versjon 4 datert 22.06.2020.

#### **Konklusjon**

Vilkår i rammeløyet er no stetta når det gjeld avløp, avkøyrsløve og kulturminner. Det er ikkje send inn teikningar over støttemur. Kommunen finn derfor at det berre kan gjevast igangsetjingsløyve for grunnarbeidet.

Før det vert gitt ytterlegare løyve til igangsetjing må det liggja føre nødvendige teikningar over støttemur.

#### **Aktuelt regelverk**

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/10117

#### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

#### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

#### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

#### **Ferdigstilling**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ

#### **Mottakarar:**

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ